Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fagopplæringsnemnda
Teamleiar for fag og yrkesopplæring
Dir for Opplæring

Viser til møte med arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda og opplæringskontora på Skei 29. september 2016.
Vi ber om at denne saka blir vurdert på nytt, og at fylgjande punkt blir tatt med i vurderinga.

Angåande sak 23/15 i hovudutval for opplæring, sjå vedlegg.

- Allereie fast tilsette i bedrift kan ikkje ta opp plass for ny lærling når ho/han teiknar lærekontrakt i det faget ho/han alt jobbar i.
- Konsekvens av ordninga er at tilsette i yrkesfag kan blir nekta vidareutdanning sjølv om dei har fått plass. Dette fremjar ikkje likeverd for yrkesfag.
- Mange mindre bedrifter og institusjonar er det avgjerande å kunne ha kompetanse i fleire fag. I t.d. elektrofaga er fagbreva ei sertifisering som bedrifta må ha for å kunne arbeide. Små bedrifter har få tilsette som må kunne beherske fleire områder. Utviklinga i arbeidslivet har medført behov for fleirfaglegheit både i små og store bedrifter. Dette er typisk for store delar av Sogn og Fjordane.
- Bransjar med sesongarbeid kan ha langt fleire fast tilsette dersom dei tilsette beherskar fleire fag.
- Fleire og fleire bransjar har behov for fleirfaglege arbeidstakarar og vel å gje ungdom og fast tilsette tilbod om å ta fleire fagbrev.

Dersom det blir nekta å teikne lærekontrakt, må det i det minste kunne dokumenterast at den det gjelder vil ta opp plassen for ein annan kandidat.

Ber om at de tek kontakt dersom de treng utfyllande informasjon.

Med vennleg helsing

Jorunn Eide Kirketeig – leiar Opplæringskontora sitt samarbeidsutvalg – OKSU
dagleg leiar
0047 57832260 / 0047 91144966
jorunn.kirketeig@pro.sf.no
Følg oss på Facebook!

Opplæringskontoret
www.pro.sf.no